

## Straum og vatn

### Straum og vatn

Her siterer ein frå §14 i Hamnereglementet siste avsnitt: «Båtlaget disponerer straumuttak og vasspostar. Vatn kan disponerast fritt, men ein skal likevel unngå unødige vassforbruk. Vasslange skal rullast inn etter bruk. Straum til støvsugar, drill, lading av batteri m.m. kan brukast fritt, medan det skal betalast avgift for straum brukt til oppvarming. Medlema skal ta kontakt med styret for tinging av straumuttak for slik bruk.»

Bruk av straum i hamna skal vera formalisert mellom Båtlaget og brukar i form av skriftleg avtale. Frå og med 1. september til og med 30. april skal all straum som vert brukt av medlemmer eller gjester målast med straummålar og betalast for. Forbruket vert målt ved avlesing per 1/9, 31/12 og 30/4. Brukar vil vera ansvarleg for bruken, og kan sjølv sikra uttaket. Straumuttak som ikkje er i bruk eller er leigde bort, vert avlåste eller kopla frå.

For bruk av straum i dette tidsrommet skal betalast det same per kwh som Båtlaget betalar for straumen, pluss ei årleg "fastavgift" kr.150,-. Fastavgifta vert ikkje refundert ved kortare/avbroten leigetid.

Båtlaget har med å administrera ordninga. Faktura vert sendt ut i mai for 1. halvår og etter årsskiftet for 2. halvår, og skal førast i rekneskapa for det året straumen er brukt.

Dei som ynskjer ha fast straum om bord i båten, t.d. til oppvarming, pliktar melda frå til styret. Før ein kan nytta straum til slik oppvarming, må ein skriva under ein kontrakt med båtlaget. Båtlaget tek ikkje ansvar for straumbrot og dei fylgjene dette kan få for båteigaren. Båteigaren er elles ansvarleg for at andre ikkje skal kunna misbruka straumuttaket ein får tildelt.

Båteigarar som ynskjer straumuttak til båten vinteren 2018/2019, tek kontakt med Øyvind Solberg, tlf. 489 56 136.